

STIFTINGSPROTOKOLL

FOR

Helse Vest Innkjøp HF

Styret i Helse Vest RHF vedtok i sak 26/2015 å stifte Helse Vest Innkjøp HF som eit helseføretak i medhald av lov om helseføretak av 15. juni 2001 nr. 93.

Styra i helseføretaka Helse Bergen HF, Helse Stavanger HF, Helse Førde HF, Helse Fonna HF, Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS har tidlegare gjort vedtak om overdraging av verksemd for innkjøpsområdet.

Helse Vest Innkjøp HF blir stifta på bakgrunn av vedtak i styret i Helse Vest RHF og vedtak om overdraging av innkjøpsområdet i dei fire HF-styra, Helse Vest IKT AS og Sjukehusapoteka Vest HF. Styremøta var gjennomført:

- 28. januar 2015 - Helse Bergen HF
- 2. mars 2015 - Helse Stavanger HF
- 22. januar 2015 - Helse Førde HF
- 12. januar 2015 - Helse Fonna HF
- 11. februar 2015 - Sjukehusapoteka Vest HF
- 9. februar 2015 - Helse Vest IKT AS

Til stades som stiftar var

Helse Vest RHF, representert ved styret i føretaket.

1. Opprette Helse Vest Innkjøp HF

Det blei vedteke å opprette helseføretaket

Helse Vest Innkjøp HF

2. Vedtekter

Som vedtekter blei protokollert:

§ 1 Namn

Helseføretaket sitt namn er Helse Vest Innkjøp HF

§ 2 Eigiar

Helse Vest Innkjøp HF skal eigast fullt ut av:

Helse Vest RHF, org.nr. 983658725
Nådlandskroken 11
4034 Stavanger

§ 3 Hovudkontor

Helse Vest Innkjøp HF har sitt hovudkontor i Bergen kommune.

§ 4 Føremål

Helse Vest Innkjøp HF skal vere ein internleverandør for helseføretaka i Helse Vest, og skal leggje til rette for og bidra til gode anskaffingar, erfaringsoverføring, god ressursutnytting og ressurstilgang innan anskaffingar.

Målet er å byggje eit profesjonelt og bærekraftig innkjøpsmiljø med god kvalitet i alle innkjøpsprosessar, som kan levere sine tenester til helseføretaka. Det er ein fagleg føresetnad at anskaffingar skal støtte seg på premissar og medverknad frå brukarane.

Det kan og opnast for at andre RHF og private ideelle innan region vest kan slutte seg til avtalane. Helse Vest RHF skal også vere ein ressurs for erfaringsoverføring og samarbeid på nasjonalt nivå.

Eventuell endring av føremål skal bli godkjent av styret i Helse Vest RHF.

§ 5 Verksemda til helseføretaket

Helse Vest Innkjøp HF skal medverke til framtidsretta utvikling av anskaffingane i Helse Vest gjennom læring, innovasjon, erfarings- og kompetanseoverføring, og skal vera ein ressursleverandør for helseføretaka og sektoren.

Helse Vest Innkjøp HF skal ha tilsette som er lokalisert i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde.

Helse Vest Innkjøp HF skal utføre tenester knytt til utvikling, planlegging og gjennomføring av anskaffingar, samt tenester innan anskaffingar som det er gevinstar ved å utføre felles for regionen, medrekna;

- utføring av anskaffingar til helseføretaka i Helse Vest

- utvikling og forvaltning av kunnskap, metodar og verktøy for anskaffingar til helseføretaka i Helse Vest, samt gje tilgang på personell med spisskompetanse til alle fasar i anskaffingsprosessen
- prosjektleiing og rådgjeving til anskaffingsprosjekt
- sørge for at anskaffingane blir utført på ein etisk og miljømessig forsvarleg måte, i tråd med dei pliktene helseføretaka i Helse Vest har tatt på seg på dette området
- yte andre tenester som naturleg høyrer inn under Helse Vest Innkjøp HF sitt føremål

§ 6 Føretaksmøtet

Det skal haldast to ordinære føretaksmøter årleg. Av desse skal det eine haldast innan slutten av juni månad kvart år for handsaming av årsrekneskap, årsmelding og årleg melding, jf. helseføretakslova §§ 34 og 43 andre ledd.

Fleire føretaksmøte kan haldast etter særskilte behov og innkalling skal sendast ut etter avgjerd av styret i Helse Vest RHF.

§ 7 Styret

Helse Vest Innkjøp HF skal leiast av eit styre. Styret skal ha frå fem til sju medlemmar. Inntil fem styremedlemmer, medrekna styreleiar og nestleiar, blir oppnemnd av føretaksmøtet.

Styremedlemmar som er valt av og blant dei tilsette deltek ikkje i handsaming av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

Det einskilde styremedlem skal ikkje representere geografiske område eller andre interessegrupper.

Styremedlemmer har teneste i to år med mindre anna er bestemt av føretaksmøtet.

§ 8 Dagleg leiar

Helse Vest Innkjøp HF skal ha dagleg leiar. Dagleg leiar blir tilsett av styret.

§ 9 Tilsettingsvilkår for leiarar

Helse Vest Innkjøp HF skal utarbeide ei årleg erklæring om tilsettingsvilkår for leiarar. Denne skal takast inn som ei note i årsrekneskapen. Erklæringa skal ha eit innhald som fastsett i allmennaksjelova sin § 6-16 a, og skal bli handsama på tilsvarande vis i føretaksmøtet som skal haldast i Helse Vest Innkjøp HF innan utgangen av juni kvart år. Ein syner till allmennaksjelova sin § 5-6 tredje ledd.

§ 10 Saker der vedtak skal fattast i føretaksmøte i Helse Vest RHF og saker der vedtak skal fattast i føretaksmøte i Helse Vest Innkjøp HF

Føretaksmøtet i Helse Vest RHF skal treffe vedtak i alle saker av vesentleg eller prinsipiell helsepolitisk, forskingspolitisk, utdanningspolitisk eller samfunnsmessig betydning, jf. Helseføretakslova § 30. Dette gjeld mellom anna saker som:

- kan endre verksemda sin karakter
- omfattande endringar i tenestetilbodet
- deltaking i omfattande samarbeid eller vesentlege endringar i dette
- utskilling av større delar av verksemda

Styret skal oversende alle saker som i samsvar med lov eller vedtekter skal leggast fram for føretaksmøtet, til Helse Vest RHF før vedtak blir fatta.

§ 11 Sal av føretaket sine eigedomar

Vedtak om kjøp, sal av eller pantsetting av faste eigedomar skal bli vedtatt av føretaksmøtet i Helse Vest Innkjøp HF etter framlegg frå styret, jf. helseføretakslova § 31, jf. § 10.

§ 12 Låneopptak

Helse Vest Innkjøp HF kan ikkje ta opp lån frå andre enn eigaren sin. Eventuelle låneopptak skal bli godkjent av styret i Helse Vest RHF.

§ 13 Melding til eigar

Styret skal kvart år sende ein melding til eigar, som gjeld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for føregåande år.

Plandokumentet skal vera av strategisk og overordna karakter og vise hovudtrekka i verksemda si framtidige drift innanfor dei rammevilkåra som er gitt av Helse Vest RHF som eigar. Denne delen av plandokumentet vil vere ein del av Helse Vest RHF sitt plandokument.

Plandokumentet skal vidare, med utgangspunkt i vurderingar av eksisterande drift, syne behov for utvikling og endring av tenestene, drifta av verksemda og styret si vurdering av ressursbruken for dei næraste åra, med forslag til finansiering.

Rapporten om verksemda frå førre kalenderår skal syne korleis pålegg, vilkår og avgjerder som er gitt i føretaksmøtet er følgt opp. Rapporten skal også syne verksemda si utvikling knytt til Helse Vest Innkjøp HF sitt plandokument.

§ 14 Arbeidsgjevartilknytning

Helseføretaket skal vera medlem i arbeidsgivarforeininga Spekter.

§ 15 Endring av vedtektene

Endring av desse vedtektene blir gjort av føretaksmøtet i Helse Vest Innkjøp HF, jf. helseføretakslova § 12. Styret vurderer og tek eventuelt opp endringar i vedtektene dersom dette er naudsynt for å ta i vare helseføretaket sitt føremål og hovudoppgåver.

3. Kapital

Helse Vest Innkjøp HF blir stifta med ein kapital på NOK 5 millionar kroner.

Stiftingskapitalen blir betalt inn ved at Helse Vest RHF som eigar gjer eit kontantinnskot på kr. 5 000 000,-. Innskotsforpliktinga forfell til betaling straks helseføretaket er stifta.

4. Som styremedlemmer blei følgjande personar valt:

Styreleiar	Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør Helse Vest RHF
Nestleiar	Eivind Hansen, økonomi- og finansdirektør Helse Bergen HF
Styremedlem	Berit Haaland, klinikkdirektør, Helse Fonna HF
Styremedlem	Bjørn Munthe, økonomi- og finansdirektør Helse Stavanger HF
Styremedlem	Jannicke Daae Tønjum, administrerende direktør, Sjukehusapoteka Vest HF
Styremedlem	NN representant frå dei tilsette
Styremedlem	NN representant frå dei tilsette
Varamedlem	Vidar Atle John Vie, viseadministrerende direktør, Helse Førde HF
Varamedlem	NN representant frå dei tilsette
Varamedlem	NN representant frå dei tilsette

Helseføretaket er ved stiftinga utan tilsette og det kan ikkje bli gjennomført val i samsvar med gjeldande forskrift (av 15. november 2002) før etablering. Derfor må formelt val av styrerepresentantar frå dei tilsette bli gjennomført etter formell skiping av helseføretaket og det er gjennomført verksemdsoverdraging.

5. Som helseføretaket sin revisor blir valt:

Ernst & Young AS, organisasjonsnummer 974 824 779.

Vedtaka over blir å melde til Føretaksregisteret.

Protokollen blei underteikna av styreleiar i Helse Vest RHF.

Helse Vest RHF

Terje Vareberg
Styreleiar, Helse Vest RHF

